



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-15  
Journalpostid: 21/2601

Saksh: Glenn Wiik  
Telefon: 53673535

Arkivkode  
K1-033

Dato:  
25.03.2021

## Møtebok 23.03.2021 kl. 10.00 – 12.00

Frammøte: Marete Sæbø, Johanna Håbrekke, Sigrid Bu, Magnar Røise, Frode Eriksen, Ole-Johnny Odland  
Ikkje møtt: Harald Næss

Frå administrasjonen: Anders Vatile, Karin F. Thrane, Arne Bu

### Sak 25.

#### **Godkjenning av møtebok.**

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

### Sak 26

#### **Innspel til søknad frå bygdaheimen om statlege midlar til tiltak for eldre.**

Karin F. Thrane presenterte prosjektleiar Kristin Røen Fauske som var med oss via teams. Ho er ein viktig støttespelar i arbeidet med å oppfylle intensjonane i St.meld. «Leve hele livet». Karin F. Thrane ville ha innspel til søknaden om midlar og rådsmedlemene nemnde m.a. midlar til transport slik at alle kan delta på ulike arrangement, utviding av aktivitørstilling på bygdaheimen og tilskot til samlingsstad i Øvre Eidfjord.

### Sak 27

#### **Vidare arbeid med aktivitetsutstyr til uteområdet ved bygdaheimen.**

Me vil sjekka prisar og alternativt utstyr før me realiserer dette prosjektet. Karin F. Thrane ynskjer også ei befaring på området for å finna eigna plass for slikt utstyr. Fleire av bebuarane på bygdaheimen misliker for mykje trafikk rundt bygget. Det er direkte innsyn til fleire og dei dreg gardiner føre vindauga for å vera i fred. Slik bør det ikkje vera.

### Sak 28

#### **Kommunen sitt arbeid med St.meld. «Leve hele livet»**



Hardanger

Ordføraren deltok på møtet og sa han ynskte eit godt samarbeid med rådet slik at kommunen kan oppfylla flest mogleg av intensjonane i meldinga. Mykje av arbeidet handlar om tiltak for å inkludera eldre i lokalsamfunnet. Viktig å leggja til rette for deltaking i ulike lag og organisasjonar, fritidstilbod og fellesskap. Dette skal verta eit fruktbart samarbeid mellom kommunen, råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, frivillige organisasjonar, bygdaheimen og prosjektleiaren for Ulvik og Eidfjord. Det er viktig å ikkje gapa over for mykje, men starta med overkomelege og realistiske prosjekt. Slik kan fine ord lettare omsetjast til handling.


## Sak 29

### **Forslag til tiltak i sentrum for å gje både betre tryggleik og tilgang for funksjonshemma.**

Leiar på Drift & Forvaltning, Arne Bu, var med på møtet. Han synte til generelle reglar for universell utforming, noko som gjeld både bygningar, trafikktryggleik, parkering, skilting m.m.

Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne peika på manglande oppmerka parkeringsplassar for funksjonshemma utanfor COOP og legekantoret. Me synte og til konkrete stader i sentrum som er vanskjelege å koma forbi pga. høge kantar. Det vart og sett fokus på farlege vegkryssingar i sentrum og i svingen ute ved båthamna.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole-Johnny Odland

  
Marete Sæbø (leiar)

  
Ole-Johnny Odland

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

  
Glenn Wik  
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok